

Sak 02-20 Vedtak med grunnlag i § 2. 3 ledd i renovasjonsforskriftene.

Tilråding til vedtak

Styret vedtek slike betalingssatsar for matrikkelregistrerte bygningar type 151, 612, 615, 722, 732 og 739 som må ha vekeshenting av restavfall.

140 L	kr 3.814,- + mva
240L	kr 6.974,- + mva
360L	kr 10.438,- + mva
660L	kr 17.392,- + mva

I abonnementet tilhøyrr behaldarar av papir, glas og mat og med same tømefrekvens som hos hushaldningane.

Saksutgreiing

Bakgrunn

Selskapsavtalen § 4. 2 ledd gir VØR høve til å ta på seg arbeid for næringsverksemd, og i dagleg leiar sin instruks, har han høve til å fastsette prisar for næring. Det er prinsipp som er avgjorde tidligare og ikkje drøfta her. Det nye eg tar opp i denne saka gjeld bufellesskapa som er kombinerte bygg. Det må styret evt. gjere vedtak om med heimel i delegert mynde i forskriftene § 2. 3 ledd.

Frå nyttår fekk vi ansvaret for tøming av 1 stk 660 L og 6 stk 240 L behaldarar med restavfall, henta kvar veke i Hornindal. Av totalt nesten 40.000 behaldarar er det nesten ikkje nemnande, men det ligg nokre prinsipp i det som ligg til styret å avgjere og gjeld dei nemnde bygningstypene i matrikkelen. Prisfastsettinga gjeld både for dei kommunale bygga og dei kombinerte bygga med bufellesskap.

Om saka

Før årsskiftet visste vi i avgrensa grad, kva som skulle renoverast i Hornindal. Vi visste kvar vi skulle køyre etter å ha fått køyrekart frå Nomil, men adresseregisteret over eigedomane var i røynda ikkje tilgjengelege i styringssystemet vårt før i slutten av veke 2, og då skulle vi ha henta to gangar. Nye Volda Kommune sa opp alle avtalar med tidligare leverandørar, som kravd i delingslova. VØR vidareførte derfor Nomil sin innsamlingsordning, og renoverte alt «som før», slik at ingen kundar eller abonnentar vart skadelidande som følgje av omlegginga. Dette informerte vi om i styret 12 november og representantskapsmøte 16 desember.

Konsekvensar.

Når alle avtalar vart overført, såg vi at Nomil har renoverert tilnærma alle kommunale aktivitetar som del av sitt ansvar. Likså oppdrag for Helseforetaket som er for ein heimebusett pasient. Alt dette vart vidareført av VØR.

Ordning med kommunal renovasjon for største delen av kommunal aktivitet, er vanleg i Nordfjord, og har slik eg har forstått det, vore praktisert slik «i alle år». Årim gjer det og i dei fleste av sine kommunar. Bakgrunn og bilete er samansett. Det kan vere trong for særskilt oppfølging og informasjon overfor skular og barnehagar som vert betre løyst innafør kommunal/ interkommunal verksemd som likevel har eit slikt apparat for hushaldningane. Og i det ligg det sjølv sagt eit ynskje om å bruke sterkare verkemiddel og medverknad i form av utstyr, for å oppnå betre sortering. Eit anna argument kan vere at kommunane sine aktivitetar har ulike behov som kommunen meiner best lar seg ivareta innafør selskapet dei kontrollarar og eig.

Det var og dei argument som rådmennene i Volda og Ørsta nytta i eit møte med VØR i haust, der dei bad om ei sak frå dagleg leiar i VØR, om å få tilsvarende ordning for Ørsta og resten av Volda kommune som ein har i t.d. Årim og no Hornindal.

Omlagginga rundt nyttår med overtaking av renovasjon i Hornindal, har tatt så mykje ressursar, at eg tidsmessig ikkje har funne plass for ei slik sak enno. Men vi ser det likevel slik at det er direkte umusikalsk å legge om i Hornindal, for kanskje å gå attende til kommunal verksemd etter relativt kort tid. Vi har difor vidareført Nomil sin måte å løyse det på. Heimelen er som skrive i punkt om bakgrunn, selskapsavtalen § 4.2. Saka til kommunane får komme i ettertid.

Om bufellesskapa

Bufellesskapa er registrerte i matrikkelen som både bustader og med ein næringsdel som kontor, verkstad, legekantor og liknande.. Bustaddelen skal ifølge KRD sin vegleiar ha tilbod frå VØR, fordi renovasjonsforskriftene gjeld. Det andre er næring. Kommunane etablerer bufellesskapa for lettare pleietrengande eldre, unge funksjonshemma, og personar med rus- og eller psykiatri- utfordringar. Felles for alle disse kombinerte bygga er lite plass til dobbelt sett med behaldarar (ein for hushaldning og ein for næring), og der er mykje restavfall frå ulike helseplager som gjerne høyrer med. Med innslag av lettare demens hos enkelte, rus, psykiatri og svak fysisk helse i den forstand at dei sjeldan kjem seg fram til behaldarane, følgjer og med ein god del feilsortert avfall. Alt dette gjer at det vil vere behov for / naudsynt med oftare tøming enn fjerde kvar veke.

HMT for VØR tilsette.

Feilsortering gir VØR utfordringar når avfallet kjem inn til VØR. VØR skal plukke plastsekkane ut av papiravfallet når det kjem inn på miljøstasjonen, og vi må gå over glas og metallemballasjen for å ta ut ikkje ønska artiklar og restavfall for å ha godkjent leverbar fraksjon.

Dette er arbeid der dei tilsette kjem bort i litt av kvart. Og vi har eit ansvar for eigne tilsette på kva slags arbeid dei vert sett til. Å unngå restavfall i dei sorterte fraksjonane er vår plikt. Der utfordringa med restavfall i gjenvinningsfraksjonane er konstant, ligg dei ei plikt til oss å sette inn tiltak.


Oppsummert.

Saka gjeld fastsetting av gebyr for vekeshenting av restavfall frå kommunal verksemd slik som skular, barnehage, sjukeheim og nokre bufellesskap med blanda formål slik som felleskjøken, møtelokaler, kontor, legekantor og bustader. Næringsdelen har VØR iflge. selskapsavtalen § 4. 2 ledd høve til å ta på seg. I saka ber vi om at dette og skal omfatte kommunale bufellesskap med innblanda næringsformål. Slik eg har opplyst tidligare i saka, gjeld det få av VØR sine abonnentar.

Gebyr

Saka handlar og om nivået på gebyr for vekeshenting for næring. Der vidarefører vi prisnivået til Nomil for 2019 med ordinær prisstigning på 3,5 %, fordi den fagleg sett ser rett ut. Tal behaldarar vil vere likt i høve dei andre hushaldningane. Forskjellen er tal ekstra tømningar på rute og vekt på avfallet i behaldarane som vert tømt tre gangar meir på ein månad. Dette har vi utifrå erfaringstal og vektregistreringar gode tal på, og har kalkulert det inn.

For 2021 vil eg rå til at pris vert fastsett i samband med budsjett arbeidet i styret.


Petter Bjørdal
Dagleg leiar